

## Interpellasjon til Kommunestyret 27.10.16

### **SAK : NORSKOPPLÆRING FOR VAKSNE INNVANDRARAR**

Det er kommunane som – gjennom Introduksjonslova (§ 18) – har ansvar for norskopplæringa til vaksne innvandrarakar.

Vaksne innvandrarakar har både rett og plikt til å gjennomføra norskopplæring, og i Lindås kommune er dette tilbodet lagt til Vaksenopplæringa ved Læringscenteret vårt.

Fleire av nabokommunane kjøper også språkopplæring hjå Lindås Vaksenopplæring.

**Kva opplæringspråk som skal brukast er ikkje regulert i noko lovverk, og av ein eller annan grunn vert opplæringa i nynorsk-kommunen Lindås stort sett gitt på bokmål.**

Rett språkopplæring er avgjerande for integreringa.

Nordhordland er nynorskland, og difor er det naturleg at Vaksenopplæringa gir opplæring på nynorsk. Dersom foreldra lærer det same språket på vaksenopplæringa som borna lærer på skulen, vert det t.d. lettare å kommunisera både i heimen og med omverda.

Nynorsk skriftspråk byggjer som kjent på dialektar, og med vår dialekt kan ein lett kjenna seg att i nynorsken.

Lindås Sp meiner at opplæringspråket på Vaksenopplæringa er ei prinsipiell sak, som kommunestyret bør ta stilling til.

#### **Spørsmål :**

**Vil ordføraren syta for at det vert fremja ei sak med sikte på vedtak om at nynorsk skal vera opplæringspråk ved Vaksenopplæringa i Lindås, frå hausten 2017 ?**

Lindås Senterparti  
Anna K Valle

### **Svar på interpellasjonen:**

Vaksenopplæringa i Lindås gir norskopplæring og grunnskuleopplæring for vaksne, og har i dag ca. 230 elevar frå Nordhordland og Bergen nord.

Då Lindås kommune etablerte norskopplæringa for vaksne innvandrarakar fanst det ikkje noko tilgjengeleg materiell på nynorsk, berre bokmål. Framleis er det svært lite tilgjengeleg opplæringsmateriell på nynorsk samanlikna med bokmål. Det meste av materialet Vaksenopplæringa nyttar i dag er berre tilgjengeleg på bokmål.

Elevane ved Vaksenopplæringa nyttar ordbøker for å omsetje tekst/ord frå eige språk (somalisk, tigrinja, thai, polsk osv.) og til bokmål. Dei brukar mykje google-translate, og der er heller ikkje nynorsk eit alternativ. (LEXIN er ikkje noko godt alternativ. Det omset ofte til engelsk i staden for det språket ein søker etter.)

Med å bruke alt materiell som er tilgjengeleg på bokmål har Vaksenopplæringa høve til å lage gode og tilpassa opplegg til dei vaksne elevane. Skal dei bruke berre det som er på nynorsk, vert det meir snevert, eller ein må lage mykje materiell sjølv.

På landsbasis er det ca. 1,5% av dei vaksne innvandrarane som får opplæring på nynorsk (VOX – Norskprøven). Erfaringar så langt viser at forlaga ikkje prioriterer å tilby læremateriell for denne gruppa på nynorsk.

Vaksenopplæringa i Lindås har fleire lisensar som blir brukt i opplæringa, t.d. TV2-skole, Klar Tale, Norsklab. Det meste av materialet her er berre tilgjengeleg på bokmål.

Døme på materiell frå CappellenDamm som vert nytta er:

Spor 2 - B2  
Spor 3  
Spor 3 - A1  
Spor 3 - A2  
Spor 3 - B1  
Spor 3 - B2  
Spor 3 - C1

#### SPRÅK/MÅLFORM

##### ● Alle

Bokmål  
Nynorsk  
Arabisk  
Engelsk  
Filippinsk  
Fransk  
Kurdisk  
Persisk  
Russisk  
Somalisk  
Thai



#### Hei! A1 og A2

Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrere

##### **Hei! A2 er klar for utsending**

*Hei!* legger godt til rette for enkel differensiering i sammensatte grupper.

Verket passer godt på læresteder der deltakere med ulik skolebakgrunn og skriftkyndighet får opplæring i samme gruppe. *Hei!* dekkjer målene i læreplanen, og i *Hei! A2* vektlegges også samfunnskunnskap. *Hei!* legger opp til mye muntlig aktivitet og samarbeid på tvers av spor. Læreverket er utviklet av lærere med solid erfaring og kunnskap om vaksne som skal lære norsk.



#### Jobbstart

Introduksjon til norsk arbeidsliv

*Jobbstart* er et nettbasert læremiddel som gir en introduksjon til arbeidsoppgaver og dagligdagse uttrykk i noen utvalgte yrker: kantine, renhold, barnehage, butikk, lager, pleie og omsorg. Læremiddelet tar også for seg jobbsøking: søknad, cv, intervju.



#### Norsk start 5-7

Norsk start er vårt nye læreverk i grunnleggende norsk for språklige minoriteter.



#### Norsklab – øv til norskprøven

Norsklab er en digital øvingsressurs som hjelper deltakere i norsk som andrespråk med forberedelsene til norskprøven.

Slikt materiell er stort sett ikkje tilgjengeleg på nynorsk. I kommunar som har gått over til å gje denne opplæringa på nynorsk, må dei tilsette ved avdelingane lage store delar av materialet sjølve.

Sak om målføre ved Vaksenopplæringa vil kome opp i Levekårsutvalet og Kommunestyret i februar/mars 2017. Her vil rådmannen belyse fordelar og ulempar ved å gå over til å gje opplæringa på nynorsk, halde fram med norsk- og grunnskuleopplæring på bokmål eller om det skal vere opp til elevane sjølve å velje.

